

1 **Forslag U9:**
2

3 **Regjeringa må revurdere vedtaket som medfører eit**
4 **av dei største naturinngrepa i Noreg nokon gong**
5

6 Vedtaket om vindkraft på Fosen, Snillfjord og Frøya med høgspenteledning fører til nedbygging av
7 500 km² naturområde, der over halvparten er inngrepsfritt.

8 Dimensjonane og inngrepa er ufattelege, eit areal tre gongar så stort som Trillemarka
9 naturreservat, halvparten av Rondane nasjonalpark, eller like stort som Oslo kommune, medrekna
10 Oslos del av Oslomarka. Om lag halvparten av all inngrepsfri natur langs kysten av Sør Trøndelag blir
11 bygget ned.

12 Vi registrerer ikkje minst med sorg at Naturvernforbundet kandidat som landets fyrste Kyst-
13 nasjonalpark, Storheia skal bli fylt med turbinar, veganlegg og kraftliner. Området er unikt i lands-
14 samanheng, eit stort, variert og vakkert naturområde med lite inngrep som omfattar både kyst, fjord
15 og fjell.

16 I desse områda skal det bli reist 450 turbinar, og naturen vil bli gjennomskoren og oppstykkja
17 av breie vegar på i alt 250 km, med stor menneskeleg aktivitet også etter utbygginga. Dette er
18 gigantiske industriområde for produksjon av energi, tapt som leveområde for mange artar, ikkje
19 minst fugl. I tillegg kjem 25 mil kraftline langs kysten, av same type som Hardangerlina.

20 Vindkraftanlegga på Fosen, Snillfjord og Frøya er alle plasserte i område som «Nasjonale
21 retningslinjer for lokalisering av vindkraft» karakteriserer som «Særs sterkt konfliktpotensial», både
22 når det gjeld tap av inngrepsfri natur (INON) i område der det er lite att og når det gjeld INON-
23 område som er samanhengande frå fjord til fjell. Inngrepet kan også bli katastrofalt for
24 reindriftsnæringa på Fosen. Dersom dette vedtaket blir ståande, har regjeringa gjeve kraftselskapa
25 klår melding om at det for framtida ikkje er naudsynt å følgje nasjonale målsettingar og retningslinjer
26 når det gjeld å ta vare på miljø, natur og samiske rettar.

27 Vedtaket bryt også ettertrykkeleg med nasjonale mål om å stanse tapet av biologisk
28 mangfald og tapet av naturområde, spesielt INON-område. Noreg har eit stort ansvar gjennom å
29 forvalte nokre av dei siste store kystområda i Europa med lite inngrep.

30
31 **Naturvernforbundet ber regjeringa om å revurdere vedtaket.**

32 Gjennom utbygginga får kraftselskapa eit totalt offentleg tilskot frå el-sertifikat på ca 11 milliardar, og
33 i tillegg kjem kostnadene til ny kraftline. I praksis fungerer dette som subsidiert nedbygging av norsk
34 natur. Dersom tilskotet hadde gått gjennom Enova som hjelp til energieffektivisering i kraftforsyning,
35 industri og bygg, kunne vi fått fleire gongar så stor energimengd – utan naturinngrep.

36 Eit anna alternativ til nedbygging av naturområde på land er å satse på havvindkraft, der
37 energipotensialet nesten er grenseløst og miljøkonsekvensane vesentleg mindre.

38
39 *Forslagsstiller: Naturvernforbundet frå Naturvernforbundet i Sør Trøndelag*
40 *Til: Det norske folk, Stortinget og regjeringa*
41
42